

Doktordisputas, Det humanistiske fakultet, Universitetet i Tromsø, 16. juni 2001

**KAISA MALINIEMI LINDBACH:  
KVENLITTERATUR I NORD.  
MED SPEIELT BLIKK PÅ IDAR KRISTIANSSENS  
ROMANER**

**Førsteopponent Ingeborg Kongslien, Universitetet i Oslo**

Maliniemi Lindbachs avhandling dreiar seg om kvenlitteratur generelt og Kristiansens romanserie spesielt. Det er eit pionerarbeid; i kartlegginga og presentasjonen av kvenlitteraturen er det eit bidrag til litteraturhistoria, og det er den første vitenskaplege analysen av Kristiansens romanserie. Det dobbelte siktepunktet fungerer godt og verkar gjensidig illustrerande. Bruk av nyare teoriar innanfor kultur- og litteraturforskning, særleg postkoloniale teoriar, er også eit av avhandlinga sine spennande bidrag.

Først ein kort presentasjon: Avhandlinga er delt inn i fem delar. Innleiinga presenterer målsettinga, å analysere Kristiansens romanar som kvenlitteratur og undersøkje korleis dei uttrykkjer læstadianske tema og motiv. Det blir gjort greie for teoretiske og metodiske utgangspunkt, m.a. strukturalistisk narratologi og intertekstualitet (Genette, Bakhtin) og særleg postkoloniale kultur- og litteraturteoriar (Said, Spivak, Bhabha), og den heftige debatten rundt mottakinga av romanverket blir presentert. Del II "Kvenlitteratur og den nordnorske litteraturinstitusjon" er eit grundig og veldokumentert oversyn og ei drøfting av omgrepet "kvenlitteratur", m.a. med vekt på marginalitet og dobbelkommunikasjon i denne typen minoritetslitteratur. Kapitlet inneheld ei "miniavhandling" om finnskoglitteratur, i seg sjølv eit nybrottsarbeid. Med desse utgangspunkta blir så Kristiansens romanserie behandla ut frå tre ulike perspektiv, i Del III gjeld det dobbelmedvitet i skildringa av marginalgruppa, i Del IV dreiar det seg om identitetskonstruksjonane i romanserien og i Del V læstadianske tema og motiv i Kristiansens romanar. Læstadianismen er eit hovudfokus gjennom heile avhandlinga, og eit hovudgrep i analysen er

intertekstualiteten. Eit kort sluttord summerer opp analysane og presiserer dei tre omgrepa som utgjer hovudfokus, nemleg identitet (eller identitetsbygging), etnisitet og marginalitet.

Doktoranden seier innleiingsvis at ein viktig del av forskinga vil vera å få fram korleis romanverket uttrykkjer "de underordnetes posisjon, etnisitet, identitet, eventuelle motstand, kulturelle eksistens osv." (s. 5), og sentrale omgrep i avhandlinga er som nemnt nettopp identitet, etnisitet og marginalitet. Derfor blir valet av den postkoloniale litteraturforskninga som teoretisk utgangspunkt så utfordrande fordi sjølv om det i kvenlitteraturen ikkje er tale om postkoloniale tilhøve, så er det tale om ein marginal- eller minoritetslitteratur som er opptatt av dei same problema som den postkoloniale diskursen. Det har å gjera med kulturens eksistens og motstand mot hovudkulturen, jf. forfattarens eigne utsegner om at verket hans dreiar seg om "den etniske minoritetenes motdiskurs" (s. 26) .

Dette er ein viktig bakgrunn når ein så går til mottakinga av Kristiansens romanserie. Etter at bøkene hadde fått gode kritikkar og band tre nominert til Nordisk Råds litteraturpris, oppstod det ein heftig debatt om realisme og historisk gehalt, med "gudfaren" i den nordnorske litterære institusjonen i brodden, Nils Magne Knutsen. Forfattere vart skulda for "kvenheroisme", for ikkje å vera historisk korrekt og for å formidle stereotypiar. Maliniemi Lindbach gjer godt greie for debatten, og hennes analyse, ut frå andre teoriar og vinklingar enn dei som vart brukte rundt 1980, gjev ei heilt anna forståing av romanteksten. Men doktoranden er likevel ganske uklar, eller kanskje beskjeden, på korleis dette er eit tilsvar til diskusjonen då. I bae tilfella dreiar det seg om verkets framstilling av det kvenske, ein genrediskusjon og ein diskusjon av dei identitetsskapande aspekta ved verket.

I sluttordet til avhandlinga seier Maliniemi Lindbach ganske råkande at "*Kornet og fiskene* er en forfatters oppdiktede historie om sin opprinnelse" (s. 303). Analysane av det litterære verket - ut frå dobbelbevisstheita, identitetskonstruksjonane og intertekstualitetet - blir oppsummerte, men her hadde eg ønskt at dei var litt klarare relaterte til kvarandre. Det eg etterlyser er meir av ei heilskapsvurdering av Kristiansens verk. Det litterære aspektet blir ofte litt fjernt i analysane, og eit meir direkte fokus på Kristiansens romanar som litterære representasjonar hadde vore ønskjeleg og dessutan i pakt

med det som blir sagt innleiingsvis (jfr. sitatet frå s. 5 i avhandlinga). Dette ville gjeve klarare tilsvaer til debatten rundt mottakinga. Når eg etterlyser dette, kan forsåvidt Maliniemi Lindbach med ein viss rett seia at heile avhandlinga med analyse av verket ut frå andre teoriar og vinklingar er eit slikt tilsvaer. Men med den breie presentasjonen av debatten rundt 1980, som også var ein genrediskusjon og ein diskusjon om dei identitetsskapande aspektet ved verket, og med den grundige analysen ut frå andre utgangspunkt som etter mitt syn gjev ei mykje betre forståing av Kristiansens tekst, legg avhandlinga opp til eit slikt tilsvaer. Kvifor er då tilsvaret så uklart, beskjedent, eller iallfall lite markert? (jf. utsegna om "kulturelle feiltolkningar" s. 173).

No har ikkje Maliniemi Lindbach hang til spekulasjon, det skal ein jo heller ikkje ha i eit vitskapleg arbeid, men på s. 51-52 er det eit lite tilløp, nemleg om Kristiansens verk hadde fått ein annan lagnad om det hadde kome seinare, eller om den nordnorske litterære institusjonen hadde vore noko romslegare. Eg vil utfordre henne til å "spekulere" litt vidare, framfor alt presisere korleis hennes nylesingar peikar i andre leier og gjev ei anna vurdering av verket enn den avfeiing som skjedde rundt 1980. Den nyaste litteraturhistoria (Rottem 1997) gjentek jo berre dei tjue år gamle synspunkta og demonstrerer desinteressa for forfattarskapen ved å feilskrive brorparten av romantitlane som blir nemnde (avh. s. 81). Kontrastert med Maliniemi Lindbachs lesing av Kristiansens romanar, ser ein kor tid- og stad-bunden kritikken då var. Hennes lesing tek jo også inn det viktige spørsmålet om posisjon (JanMohamad og Lloyd) i analysen av minoritetsdiskursen.

I tillegg til å gjere greie for dei viktigaste teoretiske utgangspunkta i innleiingskapitlet, trekkjer Maliniemi Lindbach også stadig inn nye teoretikarar, jf. t.d. dei som er nemnde i førre avsnittet, eller ho trekkjer inn fleire aspekt frå teoretikarar som alt er innførte. Dette er sjølv sagt legitimt og ofte fruktbart. Det gjeld t.d. når Halls idear om kulturidentitet som prosess blir brukte, i tillegg til den tidlegare nemnde Bhabha om "det tredje rom" i diskusjonen av utviklinga av kvenlitteraturen, eller t.d. når Fryes myteomgrep blir trekt inn i tillegg til den tidlegare nemnde Spivak i analysen av mytar og stereotypiar i høve til å uttrykkje kulturens dobbeltbevisstheit. Dei valde teoretiske utgangspunkta fungerer godt i analysane som er nemnde som døme her. Men for avhandlinga sett under eitt blir utvalet av teoretiske

tilnæringsmåtar noko eklektisk, særleg dei som blir henta inn etter kvart. Dei kan som dei to nemnde døma vera veileigna, men dei kan også gje eit fragmentarisk inntrykk, og det manglar iblant refleksjonar over samanheng og relevans, det kan vera noko varierende grunngjeving eller iblant manglande grunngjeving. Valet av dei to hovudtilnærmingane, postkoloniale teoriar, som blir godt grunn-gjevne, og ulike former for analyse og påvising av intertekstualitet, fungerer etter mitt syn utmerka, også i måten dei utfyller kvarandre på.

I ei forlenging av somme av desse reservasjonane: Det hadde vore ønskjeleg om Maliniemi Lindbach hadde markert posisjonen sin som forskar noko tydelegare og ikkje i så stor grad gøymt seg bak ein vitskapleg nøytralitet. Når ho iblant likevel markerer seg meir direkte, skjer det med mynde og godt forankra i analysen, t.d. i slutten av del II i drøftinga av læstadianismen og etnisitet.

I utvalet av eksplisitt nemnde teoretiske tilnæringsmåtar kan ein kanskje sakne nyhistorismen, sjølv om den lesepraksisen ein finn i avhandlinga langt på veg fell innanfor han, med fokus på forholdet mellom litteratur, samfunn og historie, der ein les litteraturen i forhold til andre diskursar.

Ved sida av hovudanalysen som gjeld tetralogien *Kornet og fiskene* blir den posthumt utgjevne boka *Nådekvalpenes dal* innleiingsvis nemnd, ho skal utfylle "helhetsbildet av forfatterens bruk av det religiøse materialet". Til å skulle ha ein slik funksjon får boka svært liten plass, eigentleg berre ein kort omtale s. 258-59. Den er interessant nok, med eit klart *mise en abyme*-tilfelle som viser eit sentralt tema i Kristiansens romanar, menneskets identitet i forhold til den religiøse fellesskapen, og det forklarar ordet "nådekvalpene" som blir brukt i forfattarskapen. Det ser ut til at eit betre val hadde vore anten å gje analysen av boka ein større plass eller utelate henne.

Delkapitlet om finnskoglitteraturen er eit verdifullt arbeid og eit forskingsarbeid med sjølvstendig verdi. Det er derfor kanskje litt ufint å stille spørsmål ved denne utgreiinga, men eg ser ikkje heilt at ho har særleg funksjon som kontekstualisering av Kristiansens verk og fell vel difor litt utanfor rammene av avhandlinga. Det er sjølv sagt ein verdi i dokumentasjonen og drøftingane, men det eg fann mest interessant her var utviklinga av det som blir kalla "litteraturen i det tredje rom". Men, er relasjonen til Kristiansens verk særleg relevant? I

den samanhengen kunne ein spørje om ikkje det samiske, som er ein så viktig del av røyndomsbakgrunnen og konteksten både for det kvenske og det nordnorske i det heile, i form av norskspråkleg samisk litteratur kunne vera like relevant for kontekstualiseringa som finnskoglitteraturen. Og mens vi snakkar om det nordnorske: Kva med bruken av nordnorsk dialekt i romanane i høve til dette med identitetskonstruksjonar? Det er utstrekt bruk av dialekt i denne framstillinga som er sterkt scenisk med mange dialogar. Det blir sagt litt om dei finske innslaga, men ikkje noko om språk og litteratur elles og ikkje noko om dei nordnorske dialektinnslaga.

Eit par kommentarar som gjeld språk og disposisjon kan vera til nytte ved ei eventuell gjennomarbeiding av avhandlinga med sikte på publisering. Det er mange oppatttak, litt fleire enn det som er naudsynt for å binde saman delane. I del II og III blir ein del av det som som er presentert i del I teke opp att som om det ikkje skulle vore omtala før. Slikt skjer lett i eit avhandlingsarbeid som strekkjer seg over tid der delane blir skrivne og omskrivne på ulike tidspunkt. Ei samla gjennomarbeiding vil bøte på dette. Og så er det "avhandlingskrivingsgrepet", uttrykk av typen "jeg skal deretter ta for meg", "jeg skal komme tilbake til dette senere". Iblant er slike grep naudsynte for å ordne momenta og leie lesaren gjennom komplekse samanhengar; i denne avhandlinga, der det litterære verket blir behandla i tre ulike delkapittel ut frå ulike hovudvinklingar, kan det vera naudsynt, men slike formuleringar kan lett virke irriterande på lesaren. Denne avhandlinga har ein såpass god disposisjon og stort sett så god flyt i framstillinga at den store bruken av dette grepet ikkje er naudsynt. Desse innvendingane rører sjølv sagt ikkje ved gehalten i avhandlinga, men bør takast omsyn til før publisering. Det same gjeld ein del språkfeil og ein god del småfeil i namn og titlar i tilvisningane.

For å avrunde og oppsummere: Det er framsett nokre kritiske punkt der dei viktigaste er desse: Det hadde vore ønskjeleg at Maliniemi Lindbach hadde vore tydelegare om sin eigen posisjon som forskar. Teorivalet er noko eklektisk, og framgangsmåten med å presentere somme av teoriane innleiingsvis, mens andre blir trekte inn etter kvart, blir litt uryddig. Det blir etterlyst ein analyse eller problematisering av språk og stil, t.d. bruken av nordnorsk dialekt. Ei meir eksplisitt behandling av Kristiansens verk som litterære representasjonar hadde styrkt avhandlinga, med analysar og konkl-

sjonar relaterte til debatten om bøkene då dei kom ut. Men her er mykje positivt å framføre: Det er eit pionerarbeid om kvenkultur og kvenlitteratur, det har eit balansert syn i høve til identitetsdanning og koplar ikkje identitet med bakgrunn og språk, men med einenskapar i tekstane, og det er det første forskingsarbeidet om Kristiansens verk. Og her er mykje godt vitskapleg handverk, i avgrensing, i utval av stoff og teori, i analysane der særleg bruken av intertekstualitet og av postkoloniale teoriar dannar grunnlaget.

Førsteopponenten har hatt stor glede av å arbeide med Maliniemi Linbachs avhandling. På somme punkt har det vore ei ganske bratt læringskurve for ein søring som kjem frå dei indre bygder der det var svært lite av både fisk, hav og vekkingrørsler. Doktorandens nyskapande bidrag er måten ho har plassert ein litteratur som kvenlitteraturen, representert ved Kristiansens verk, innanfor det postkoloniale teoriparadigmet og vist kor fruktbart det er. Eg ønskjer til lykke med denne milepelen og ser fram til nye bidrag og gode samtalar på fagfeltet.